**Austrheim kommune**

Arkiv: L13
Saksmappe: 02/00017-11
Sakshandsamar: Rein Midteng
Dato: 15.03.2002

# Møtebok

| Saksnr. | Utval: | Møtedato |
|---|---|---|
| 018/02 | Austrheim Næring- og miljøkomite | 03.04.02 |

## Bebyggelsesplan for Kjelstraumen-slutthandsaming

Dokument i saka:

| | | |
|---|---|---|
| I | Oppstart av arbeid med bebyggelsesplan for KJelstraumen. Uttale | Fylkesmannen i Hordaland Landb.avd. |
| I | Melding om oppstart av arbeid med bebyggelsesplan for Kjelstraumen. | Fylkesmannen i Hordaland, |
| I | Bebyggelsesplan for Kjelstraumen Gnr 144 bnr 8. | Norconsult AS |
| U | Svar ang. bebyggelsesplan for Kjelstraumen Gnr 144 bnr 8. | Norconsult AS |
| S | Bebyggelsesplan for Kjelstraumen - Utlegging til offentleg ettersyn | |
| I | Kart i 1:1000 | Norconsult AS |
| I | Merknad til bebyggelsesplan for Kjelstraumen. | Statens Vegvesen Hordaland |
| I | Uttale til bebyggelsesplan for Kjelstraumen. | Fylkesmannen i Hordaland |
| I | Uttale til bebyggelsesplan for Kjelstraumen. | Kystverket 2. Distrikt |
| I | Uttale til bebyggelsesplan Kjelstraumen | Bergen og Omland Havnevesen |
| S | Bebyggelsesplan for Kjelstraumen-slutthandsaming | |
| I | Uttale til utbyggingsplan for Kjelstraumen | Fylkesmannen Miljøvernavdelinga |
| I | Uttale til bebyggelsesplan for Kjelstraumen. | Bergen Sjøfartsmuseum |
| Ø | Endring av føresegner brev frå søkjar datert2.4.02 | |

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner utbyggingsplan datert 20.3.02, for Kjelstraumen gnr 144 bnr 8.
Vedtaket er gjort i medhald av plan og bygningslova § 28 –2.

**Behandling i Austrheim Næring- og miljøkomite 03.04.2002:**

Saka vart gjennomgått.
Søkjar har bedt om å få føresegnene pkt 3.2.2 siste setning endra til:
Rorbuene skal ha en enkel utforming uten dominerande arker, kvister, takoplett, balkonger eller lignende.
Rådmannen sitt framlegg med søkjar sitt tillegg vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Austrheim Næring- og miljøkomite - 03.04.2002:**

Austrheim kommune godkjenner utbyggingsplan datert 20.3.02, for Kjelstraumen gnr 144 bnr 8.

Føresegnene pkt 3.2.2 siste setning vert endra til:
*Rorbuene skal ha en enkel utforming uten dominerende arker, kvister, takopplett, balkonger eller lignende.*

Vedtaket er gjort i medhald av plan og bygningslova § 28 –2.

**Særutskrift til partar i saka:** Dato: Sign:

Norconsult AS Starvhusgt 2B, PB 1199 5811 BERGEN

1. Sak gjeld:
Slutthandsaming av byggjeplan for Kjelstraumen

**2. Saksopplysingar:**

Planen vart vedteken utlagt til offentleg ettersyn i møte den 6.2.02 sak 06/02 og lagt ut til offentleg høyring med merknadsfrist 13.3.02.

Tiltakshavar har i etterkant av høyringsprosessen utarbeida revidert plan datert 20.3.02, på bakgrunn av innkomne merkander og eigne ynskjer.

**3. Vurdering av innkomne merknader:**

Rådmannen har slike merkander.

***Bergen og Omland Havnevesen**
Gjer merksam at tiltak i strandsona som utfylling, bebyggelse, utslippleidningar og anna, krev godkjenning i medhald av "Lov og havner og farvann m.v.".

**Kommentar**
Vert innarbeida som føresetnad for byggjeløyve.

***Kystverket**
Viktig at det ikkje settast av større areal i sjø til "enkelte interesser" enn det som er strengt nødvendig, samt at det ikkje planleggast tiltak som kan hindre ferdselen
-Gjer merksam på at det gjennom Kjelstraumen går ei bilei, og at anlegga må dimensjonerast for å kunne tåle bølgeslag og liknande som ei følgje av båttrafikken (viser til vedlagt kart).
-Gjer merksam på at aktuelle tiltak som kaier, flytebrygger, utfyllingar, sjøleidningar og anna, krev tillatelse av havnemyndigheitene i tillegg til behandling etter plan-og byggningslova.

Kommentar:
Vert innarbeida som føresetnad for byggjeløyve.

***Fylkesmannen-landbruksavdelingen**
Ingen særlege merknader.

***Statens Vegvesen**
Viser til planleggjar sine merknader i brev av 20.3.

Kommentar
Planframlegget er retta i samsvar med merknader.

**Endringar frå planleggjar.**

Planleggjar har på bakgrunn av innkomne merknader og eigne ynskjer føreslege slike endringar.

a. Nytt pkt 1.3 i føresegnene.
*"Bergen Sjøfartmuseum krever, som vedkommende myndighet etter forskriftene til lov av 9 juni 1978 om Kulturminner, § 14, å undersøke om det kan være skipsfunn eller marine kulturminner i deler av tiltaksområdet. Etter Kulturminneloven §§ 9 og 10 har tiltakshaver undersøkelsesplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkelsen. Marinarkeologiske undersøkelser skal foretas, og rapport foreligge før byggesak på eiendommen kan bli godkjent."*

b. Endring av plankart:
Utvida plangrense med ny løysing til kryss og busslomme.

c. Mulighet for å byggje nytt lager/servicebygg i område III
med tilhøyrande nytt pkt 3.3.5 i føresegnene:
*Det kan bygges lager/servicebygg med en maksimal grunnflate på 100 m2. Maksimum bygningshøyde skal vere 5,5 m, det vil si maksimum kote 7,7 . Bygget/byggene skal utføres med god arkitektoniske kvaliteter både med hensyn til utforming og funksjonalitet.*

Og nytt punkt 3.3.6.
*Området kan planeres til kote 2,2 m. Ved sprenging skal helniningstopp avrundes*

d. Utviding av servicebygg i område IV
med endring av pkt 3.4.2 i føresegnene.
*"Det kan oppføres servicebygg med en maksimal grunnflate på 100 m2 og en maksimal bygningshøyde på 6 m."*

e. Bergen Sjøfartsmuseum ber om at eksisterande forrtøynigspunkt på tidlegare holme i nordaust vert teke vare på. Tiltakshavar viser mogeleg løysing på dette, men oppfattar ikkje ynskjet som krav.

Dei føreslegne endringane under pkt a, b, e, er endringar for å imøtekomme innkomne merknader medan endring c og d er tiltakshavar sine framlegg.

Endringane er etter opplysnigar frå planleggjar avklara med berørte faginstansar og partar. Rådmannen meinar at dei føreslegne endringane ikkje svekkar planen sine målsettingar og intensjonar og finn på denne bakgrunn at merknadane kan innarbeidast i planen, utan ny offentleg utlegging.

I utbyggingsplan for Kjelstraumen datert 20.3.02 er dei nemnde endringane inntekne.

Rådmannen rår difor til bebyggelsesplan for Kjelstrumen datert 20.3.02 vert godkjent slik den ligg føre.

**4. Konklusjon:**
Austrheim kommune godkjenner utbyggingsplan datert 20.3.02, for Kjelstraumen gnr 144 bnr 8. Vedtaket er gjort i medhald av plan og bygningslova § 28 –2.